

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad/tidspunkt: Herand skule (barnehagen), 12. mars 2013, kl 19.00 – 21.30.

Til stades: Sidsel Haugen, Gerd Ingeborg Haugen, Sigmund Eiken, Britt Heidi Selsvik, Paul Killingberg, Ole-Gisle Vassel.

Sak 1, Godkjenning av referat og møteinnkalling.

Ingen merknad til referat etter styremøte 12.02.12.

Ingen merknad til møteinnkalling.

Sak 2, Møte med lag og organisasjonar 10.03.13.

Møtet vart halde på skulen etter bygdekafeen. Det møtte representantar frå dei fleste laga i bygda.

Oppsummering etter møtet:

a) Dugnad 27. april 2013.

Laga kom med innspel og lister på arbeid som kan utførast dugnadsdagen. Arbeidet vert organisert i samarbeid mellom dei ulike laga og bygdelaget v/Sigmund.

Bygdelaget vart oppfordra om å få rydda opp på kaien på Høyneset og dei ulike turstiane i bygda, spesielt vart nemnt:

1. Jernkonstruksjonen, tilhøyrande Skogeigarlaget, som ikkje har vore i bruk på fleire år bør fjernast frå kaien og lagrast ein annan stad.
2. Generell rydding på kai- og badeplassområdet.
3. Kaiskinna langs kaikanten bør malast med forskriftsmessig signalmaling.
4. Helleristningsfeltet i Kalhagen bør reingjerast på eigna måte. Det er ikkje mogeleg å "lesa" figurane lengre.
5. Generelt vedlikehald og rydding i og langs turstiane, spesielt vart nemnt Kulturstien Sæverhagen – Vassel.

Sigmund tar sakene under pkt. 1 og 2 opp med rette vedkomande.

Ole sender skriftleg melding til Jondal kommune vedkomande sak 3 og 4 og til Herand Landskapspark vedkomande sak 5.

b) Herandshelg 6. – 7. juli 2013.

Bygdelaget stiller spørsmålet om arrangementet skal halde fram?

Dei frammøtte ynskjer at "helga" vert ført vidare. Bygdelaget tar initiativ til å starte planlegging av Herandshelga.

Ole sender invitasjon/innkalling til planleggingsmøte 7. april kl 19.00 (etter årsmøtet) til lag i bygda.

c) Herand skule.

Tilbod om kontor, arkiv, brannsikre skap til leige på skulen for lag i bygda er positivt motteke av fleire. Bygdelaget ventar på tilbakemelding frå dei ulike laga.

Skal huset få nytt namn?

Det vert utlyst namnekonkurranse i neste nummer av Herand Bygdeblad.

Sak 3, Årsmøte 2013.

Årsmøtet vert halde søndag 7. april kl 17.00 på Herand skule etter bygdekafeen.
Framlegg til årsmelding vart godkjend.

Sak 4, Herand Familibarnehage.

Kasserar presenterte driftsrekneskapen for barnehagen pr 28. februar, resultatet ligg innanfor godkjend budsjettramme.

Sak 5, Representantar til årsmøter.

Sidsel møter på årsmøtet i Herand Omsorgsbustader.
Paul møter på årsmøtet i Herand Aktiesagbruk.

Sak 6, Herand Bygdeblad.

Me har fått tilbod på trykking av bladet frå Norheimsund Trykkeri.
Sidsel går i forhandlingar med trykkeriet og legg saka fram for styret i neste styremøte

Sak 7, Eventuelt.

Gerd Ingeborg sender søknad om lagsstøtte til Jondal kommune.

Ole-Gisle Vassel/skrivar.